


# 5. SAMANHENG OG GJENTAKING

- **Samanheng**

- Gjentakning



Våren kjem til den vesle skogen. Og Gimle er så lukkeleg.

Våren er som ein bisverm. Full av liv heile tida.

Blomane snakkar om vinteren sitt harde nedslag.

Og Gimle? Glad som sola sjølv.

Sommaren med den grøne enga.

Ekorna hoppar og kosar seg." Som små karuseller", seier alltid Gimle.

Hilde Harepus tittar opp på Gimle.

Han føler seg som adelseika, prinsebjørka og skogens kongle.

Men så brasar hausten brått inn.


Gimla ser eit blad. Hans blad. I alle dei haustlege fargane.

Det slepp taket i Gimle og drar sin kos. Til ukjente stader.

Det siste minuttet før alt blir mørkt er ganske uklart. Han hugsar at føtene lettfrå golvet og han kjenner eit sus i magen. Det blir mørkare og mørkare, til slutt vert det bekmørkt som i den gamle brusautomaten. Han dett nedover og...

**”PANG, KNEKK”**, han føler seg pressa og liten, liten som ein snigel i skalet sitt, trongt, lite og einsamt...



Men ikkje ver redd, Kalle har det fint. No er han ei ringeklokke på sykkelen min. Han åtvarar folk på min veg, så eg ikkje køyrer på dei.




# 5. SAMANHENG OG GJENTAKING

- Samanheng

- **Gjentaking**




Happy blei gåande mykje aleine.  
Utan Fredrik hadde han ikkje stort mange å vere med.



Ingen å sparke ball med...

Ingen å springe om kapp med...

Ingen å spele xbox med...



og heller ingen å sove med.

<b>Eg la merke til:</b>	<b>Eg trur det betyr:</b>
<p>Teksten:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det at Happy ikkje har nokon å vera med, blir gjentatt mange gongar.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Happy er einsam.</li><li>- Han føler at Fredrik har svikta han.</li></ul>
<p>Bilete:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Ballen er punktert.</li><li>- Greinene er knekt.</li><li>- Snømannen har munn som peikar nedover.</li><li>- Fjernsynet er mørkt og kontakten til Xboksen står ikkje i veggen.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Ballen er eit symbol på det leikande forholdet som no er over.</li><li>- Forholdet mellom Happy og Fredrik har fått seg ein knekk.</li><li>- Humøret til Happy er dårleg.</li><li>- Det er ikkje skikkeleg kontakt mellom Happy og Fredrik no.</li></ul>

# Kva legg de merke til her?

